

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 32/2007

Møtedato: 9.5.07

Arkiv nr: 132

Framføring av straum til stølane

På vegne av stølsbrukarane i Vestre Slidre ber styret for områdetiltaket "Heime og på støle" fjellstyret å sjå på korleis ein kan støtte arbeidet med framføring av straum til støslaga i kommunen. Det er og sendt tilsvarande brev til Vestre Slidre kommune v/formannskapet. Formannskapet er og bede om å støtte kjøp av mjølkekvoter.

Områdetiltaket "Heime og på støle" har gjennomført tre grendemøte. Det har vore eit klart signal frå stølsbrukarane om at framføring av straum er det viktigast for å oppretthalde mjølkeproduksjon på stølen. Nærare grunngeving for behov for straum er vist i brev datert 23.4.07 frå styret for områdetiltaket.

Stølane på Nørre Syndin fekk tilskot frå grunneigarfondet med inntil kr 35.000 i pr. støl til framføring av straum. Det er inne ein tilsvarande søknad (fjellstyresak 7/07) om tilskot for dei andre stølsbrukarane som er aktuelle for framføring av straum.

Formannskapet har gjort slikt vedtak i sak 25/07:

1. *Vestre Slidre kommune gjev tilskott til framføring av strøms frå og med 2007.*
2. *Tilskottet vert gjeve med inntil 30% av kostnadene, men maksimalt kr. 50.000 pr. bruk, innanfor ei totalramme for kommunen på kr. 200.000,- pr. år. Ein føreset at Fjellstyret løyver tilsvarande beløp til kvar brukar*
3. *Tilskottet vert innarbeid i budsjettet frå 2008.*
4. *Tilskottet for 2007 vert teke frå disposisjonsfondet.*
5. *Søkjaren må binde seg til å produsere mjølk på stølen i 5 år etter at tilskottet er utbetalt.*
6. *Dersom mottakar av tilskottet sluttar med støldrif i bindingstid skal tilskottet betalast tilbake.*

Vedtak

1. Vestre Slidre fjellstyre gjev tilskot til framføring av straum til stølar med mjølkeproduksjon.
2. Tilskotsordninga gjeld frå og med 2007.
3. Tilskotet blir gjeve med 30% av kostnadene, avgrensa til kr. 50.000 pr. bruk. Totalramme for tilskot frå fjellstyret er kr. 200.000 pr. år.
4. Tilskotet blir gjeve på vilkår av at kommunen gjev tilsvarande tilskot.
5. Tilskotet gjeld anleggsutgifter for framføring av straum til stølen (anleggsbidrag). Eventuelle tilskot utanom kommunen og fjellstyret, blir å trekkje frå grunnlaget for berekning av tilskot. Om anleggsbidraget blir redusert ved andre kopljar seg på nettet seinare, skal tilskotet bereknast på nytt og differansen betalast tilbake.
6. Søkjaren må binde seg til å produsere mjølk på stølen i 5 år etter at tilskotet er utbetalt.
7. Om mjølkeproduksjonen på stølen blir avslutta i bindingstida skal tilskotet betalast tilbake fullt ut.
8. Mottakar av tilskot skal underskrive avtale som stadfestar at ein aksepterar vilkåra for tilskotet. Stølsbrukar pliktar å orientere om tilhøve som innverkar på berekning av tilskotet, jf. punkt 5 og 6.

Kjell Strand sa seg inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.5.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Områdetiltaket "Heime og på støle"